

Jan Otto Andvik
 Eknes 57
 5993 OSTEREIDET



Lindås kommune
 VA avdelinga Lindås rådhus
 5914 Isdalstø

Eknes 17. oktober 2014

Førespurnad om tilbakeføring av område og opprydding etter legging av vassleidning.

På vegne av Jan Liset som eg er verge for, vil eg med dette forhøyra meg om kva planar Lindås kommune har for vassbasenget som vart etablert på Liset sin eigedom gnr 238 bnr 2 på Eknes

Då det no har vorte tappa tomt og stått slik i fleire år, ønskjer vi at Lindås kommune fråseier seg retten til dette slik at området kan verta nytta. Det ein ser for seg, er at vi har fått førespurnad om å ta i mot overskotsmassar med stein. Området der bassenget var, vil då etter vår plan kunna nyttast som ein plass der vi kan opparbeida og lagra ved frå skogteigen som bruket har.

Då vassleiding som vart lagt over søre del av innmarka til Jan Liset vart grøftene kutta, utan at entreprenøren gjorde godt nok arbeid med å skøyta dreneringssystemet saman att. Dette har då ført med seg, at dei som haustar arealet ikkje får hausta dette med sine maskiner. Sjølv i sommar så let det seg ikkje kjøra på denne marka, men for at det ikkje skulle sjå så alt for stygt ut har eg greid å fått slege av det aller grøvste men måtta kjøra graset bort.

Vil be om ein snarleg dialog med kommunen om dette og de kan nå meg på telefon **957 51 828** slik at vi kan gjera ein avtale om eit møte for å diskutera og sjå på desse sakene.

Helsing

Jan Otto Andvik